

Utfyllande reglar for tildeling av utanlandsstipend til ph.d.-studentar ved Fakultet for biovitskap, fiskeri og økonomi

Utfyllande reglar er fastsett av Forskingsutvalet ved BFE		Dato 24. juni 2021 Arkivref. 2020/1121
Disse utfyllande reglane bygg på UiT retningslinjer for utanlandsstipend slik det går frem av vedtaka under		
Fastsett av rektor etter fullmakt frå universitetsstyret		Dato 26.8.2019
Ansvarleg eining	Avdeling for forskning, utdanning og formidling (FUF)	Arkivref. 2019/1141-7
Erstattar	Retningslinjer for tildeling av utanlandsstipend for doktorgradsstudenter	Arkivref. 2006/3940-15, jf. 2014/5752

1. Om støtteordninga

(1) Fakulteta tildeler stipend for utanlandsopphald til sine ph.d.-studentar. Som hovudregel skal opphaldet vera på mellom to og seks månadar. Unntaksvis kan eit fakultet utvida stipenda til inntil ti månadar. Det kan tildelast stipend til eitt opphald i løpet av doktorgradsstudiet.

(2) Stipendet skal dekkja dokumenterte etablerings- og meirutgifter ved forskingsopphald i utlandet. UiT følgjer Noregs forskingsråd sine satsar. Det kan bli trekt skatt av eit eventuelt overskot. I tillegg kan det søkast om dekking av reiseutgifter etter billegaste reisemåte. Det blir ikkje gitt støtte til heimreise i løpet av opphaldet.

Utfyllande reglar ved BFE

Satsane i Noregs forskingsråd er frå 2021 og framover:

- 20 000 kroner per måned for einslege
- 36 000 kroner per måned for familiar

BFE følger også NFR sine prinsipp for om det kan nyttast familiesats eller sats for einslege skal nyttast

Familie er definert som stipendiat med ektefelle, sambuar eller registrert partner og eventuelle barn. Sambuar er ein person som stipendiaten bur saman med under ekteskapliknande forhold, eller som stipendiaten har felles bopel med.

Når det nyttast familiesats i søknaden skal søkjaren grunngjeve kvifor. BFE ber om at ein kunn søker om familie-sats dersom søkjaren har barn som skal være med, eller om det er anna forhold som forhindrar gjennomføring av opphaldet dersom partner ikkje finansierast. Ved kortare opphald utanlands, til dømes 2-3 månader, ber fakultetet om at det i søknaden gis ei særskilt utgreiing for behov for å ta med familie på utanlandsopphaldet.

BFE finansierar maksimalt 6 månader utanlandsopphald gjennom denne ordninga.

2. Kven kan søka?

(1) Ph.d.-studentar i desse gruppene kan få stipend, i prioritert rekkjefølgje:

1. Universitetsstipendiatar ved UiT.
2. Ph.d.-studentar ved UiT som er finansierte av kjelder som ikkje gir støtte til utanlandsopphald.

(2) Ordninga gjeld ikkje for forskingsrådsstipendiatar og andre med ekstern finansiering der støtte til utanlandsopphald er inkludert.

(3) Dersom fleire søkarar oppfyller kravet til stipend enn det er sett av midlar til, skal rangeringa skje etter ei samla vurdering av søknadane med utgangspunkt i kriteria under pkt. 3 nedanfor.

3. Kriterium for tildeling av stipend / rangering av søkarane

(1) Som hovudregel skal opphaldet gjennomførast midt i det planlagde studieløpet, altså i løpet av andre/tredje studieår for studentar med opptak for fire år, i andre studieår for studentar med opptak for tre år osv. Det kan gjerast unntak dersom det er gode faglege grunnar for å gjennomføra opphaldet tidlegare eller seinare.

(2) Opphaldet må vera relevant for arbeidet med doktorgradsprosjektet. Fakulteta kan fastsetja eigne kriterium når det gjeld det faglege føremålet med opphaldet.

(3) Det skal leggjast vekt på

- rettleiar si faglege vurdering av kor viktig utanlandsopphaldet vil vera for gjennomføringa av doktorgradsprosjektet
- rettleiar si vurdering av korleis framdrifta i studiet passar saman med eit utanlandsopphald
- innhaldet i planane for samarbeid med vertsinstitusjonen.

(4) Søkar må ha god studieprogresjon. Fakultetet kan stilla som vilkår for tildeling at han/ho har levert framdriftsrapport, gjennomført midtvegsevaluering eller tilsvarande.

Utfyllande reglar ved BFE

BFE tykkjer at utanlandsopphaldet fyst og fremst skal brukas til å støtte opp om forskingsdelen av doktorgraden. Dette kan til dømes vere læring og arbeid med nye metodar, analysar av data, samarbeid med andre forskarar på vertsinstitusjonen, og bygging av nettverk og relasjon med framtidige samarbeidspartnarar. Sjølv om opphaldet hovudsakeleg er tenkt på som eit forskingsopphald, forhindrar ikkje dette søkarar om å ha ein plan om å ta relevante emne ved andre universitet, blant anna som ein del av opplæringsdelen i doktorgraden. Men, slike søkarar må grunngjeve ein slik plan og forklare kvifor opphaldet prioriterer arbeid med opplæringsdelen.

Det er eit absolutt krav at stipendiaten har skrevet minst eitt manuskript som skal nyttast i avhandlinga. Manuskriptet trong ikkje vere publisert, men det skal vere sendt inn til evaluering i vitskapeleg tidsskrift. Om søkjaren ikkje har sendt inn eit manuskript, skal det gjerast særskilt greie for korleis opphaldet høver med progresjon i doktorgradsarbeidet. Det same gjeld for kandidatar som skriv avhandlinga som monografi.

Dersom opphaldet ikkje kan gjennomførast slik opphaveleg planlagt, kan det søkjast om å få utsett opphaldet. Ein forutsetning for ei utsetjing kan godkjennast, er at fagmiljøet ved instituttet støttar opp om dette.

4. Dette må dokumenterast i søknaden

(1) *Formål med utanlandsopphaldet og relevans for doktorgradsprosjektet*

Det må vera ein klår fagleg grunn for opphaldet og ein plan for korleis det skal innpassast i arbeidet med doktorgradsprosjektet. Søknaden må også innehalda tidsplan for opphaldet.

(2) *Budsjett og finansieringsplan*

Søknaden må innehalda budsjett for reise og opphald, tidslengd (kor mange månadar), og om familie skal vera med eller ikkje. Det må gå fram om det er søkt om midlar frå eksterne kjelder og/eller om det er høve til bruka annuumsmidlar til opphaldet.

(3) *Tilråding frå rettleiar*

Rettleiar skal gi ei fagleg vurdering av nytten søkar vil ha av opphaldet i arbeidet med doktorgradsprosjektet. Søkar sin progresjon skal vurderast i forhold til ønsket om utanlandsopphald.

Det må gå fram kva relevans opphaldet har for prosjektet, og kvifor denne vertsinstitusjonen / dette fagmiljøet er valt.

(4) *Invitasjon frå den utanlandske lærestaden/forskingsmiljøet.*

Utfyllande regel ved BFE

(5) *kopi av manuskript som er sendt inn til evaluering i vitskapeleg tidsskrift*

5. Rapportering

(1) Etter gjennomført utanlandsopphald skal studenten levera ein rapport på 1 – 2 sider til fakulteta. Rapporten skal informera om det faglege utbytet av opphaldet. I tillegg skal det informerast om vidare samarbeid med vertsinstitusjonen. Fakulteta fastset frist og rutinar elles for levering av rapport.

6. Klagerett

Avslag på søknad om utanlands-stipend kan påklagast til Universitetets klagenemnd etter reglane i forvaltningslova § 28 flg. Klage skal sendast til fakultetet